

Oldemor på pilegrims- vandring



ANNE SANDE (59),
frilansjournalist og lærar.
Vaks opp i Lodalen, ved
foten av Jostedalsbreen.
Bur no i Oslo, men
oppsøker fjellheimen
så ofte som råd.

Mor Svanhild har aldri hatt tung fjellsekk på ryggen og slett ikkje gått frå hytte til hytte fleire dagar i strekk. Ho og far dreiv gard og seinare campingplass. Fjellturar midt på sommaren hadde dei ikkje tid til i sine yrkesaktive år. Som pensjonist har ho utfordra seg sjølv på aktivitetar ho ikkje har gjort før.

Svanhild har fire døtrer, ti barnebarn og fem oldebarn. Fire dagar pilegrims-
vandring over Dovre var ei bursdagsgåve til 82-årsdagen.

Vi veit at ho er sprek. I tillegg til mykje trakking i arbeid har ho i alle år gått daglege turar på bygdevegen heime i Lodalen. Men turgåing er noko anna enn fjell-
vandring. Som initiativtakar måtte eg spørje meg fleire gonger, før vi la av garde, om det er uansvarleg å forvente at ein 80-åring skal gå dagsetappar på opptil to mil. Svaret fekk eg på dag to på stien til Fokstugu. Ifølgje mor var dette den hardaste, om ikkje den lengste, etappen. Motbakkane opp frå Budsjord og sola som framleis brenn i nakken, var ein tøff start.

Så kom vi over skoggrensa, og framfor oss låg høgfjellet. Svanhild var stolt og glad.

– Det var som å kome inn i ei ny verd, fjell på alle kantar, dekkja av reinlav, stor og vid himmel, rein luft, fred og ro. Berre litt svakt fuglekvitter og ein einsleg heilo med sin sorgtunge fløytelåt. Ubeskriveleg vakkert og godt. Eg vart fylt med ny energi og i stand til å vandre vidare i dette vakre landskapet.

Den lange etappen vidare til Hjerkin er på 26 kilometer. Hadde mor gått så langt før? Nei, men no fekk ho sleppe ryggsekken, som vart frakta i bil til neste overnattingsstad. Etter to mil røynte det på beina, og vi tok imot tilbodet om skyss siste biten til Hjerkin. Vi trega ikkje over fem kilometer etter å ha gått tjueein.

*«Vi trega ikkje over fem kilometer
etter å ha gått tjueein.»*

Fjerde og siste dag var ein tolv kilometer sjarmøretappe og opptur, sjølv om det går nedover til Kongsvold. Pilegrimsleia og Kongevegen går saman, og stien er meir som ein kjerreveg. Over Hjerkinnhø er vegen rett som ein linjal.

Vandringa vart avslutta i den botaniske hagen på Kongsvold, der Svanhild fekk det ho kalla ein underleg reaksjon.

– Det var mest som eg var litt skuffa over at vandreturen var slutt. Eg kjende på at dette ville eg ha meir av.

Vi gjekk ikkje pilegrimsleia av religiøse grunnar, men vi vart høgtidsstemte på Dovrefjell. 📍



→ Ut på tur? Husk full kons ved sporet!

HVA GJØR DU når det glinser i en feit ørret i en kulp på den andre siden av jernbanesporet? Se på kartet og finn et sted der toget går i tunnel, eller der du kan krysse i undergang, på bru, eller på planovergang. Her kan du trygt og lovlig passere skinnene. Ganske nylig, ble to unge menn overrasket av toget da de gikk «der de alltid hadde gått» – i sporet, på Dovrebanen – på vei til et fast fiskested. Mot alle odds, overlevde de uten livstruende skader, til tross for at en av

dem ble meid ned av toget. Husk at toget kommer fort og stille. Det kan bruke mer enn én kilometer på å stoppe, og det kan ikke svinge unna. Vær også obs på tog som ikke står i rutetabellen, og på høyspentledninger. Setter du flue, sluk, line, eller stang i den, går det neppe bra. Vær et godt forbilde for store og små turkamerater. Ikke ta noen sjanser.

Skitt fiske!

fullkonsvedsporet.no